

Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag 2016.

Styret har i 2016 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Kjell Klopstad – sekretær

Arne Dvergsdal – styremedlem

Gudmund Eimhjellen - styremedlem

Rekneskapet er ført av Karen Marie Elvik Svoen

Varamedlem:

Narve Fimland

Kjell Arne Teigen

Revisorar:

Olav Svoen

Torstein Svorstøl

Valnemd til årsmøte 2017:

Geir Lunde Leiar

Andreas Sørebo

Vara; Ivar Teigen

Styremøter

Styret har hatt 2 møter og behandla 11 saker. I tillegg har der vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. All aktivitet har etter kvart vore dokumentert på nettsida vår. Ein del saker har også vore kommunisert over Facebook sida til ØNU og noko på tekstmelding til medlemmane.

Arrangement/ Prosjekt som laget har vore inne i siste året:

- **Årsmøte** Arrangering av årsmøte 02.03.16 - Instedalen skule. 11 medlemmer møtte. Årsmøtet blei nok ein gong arrangert i samarbeid med Instedalen Storvald som hadde sitt årsmøte rett i etterkant.
- **Fiskekortsalg og båtutleige.** Det blei for sesongen 2016 vidareført sjølvbetjening av fiskekort for ØNU sitt område. Bokser med fiskekort på Fimlandsbua, i Nesstranda ved vegen mot Teigavatnet, på Nestunet og ved Vonavatnet. I tillegg var det lagt ut kort på Longevasshytta. I sesongen blei det også vidareført utleige av båt både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Garn kunne hentast på Nes. Svobrua friluftsområde, utleigebåtane og tilboda elles bl.a. ved Vonavatnet har vore regelmessig i bruk. Alle avgifter blei betalt direkte til bank og det skulle leggest kvitteringslapper att i boksane. Sjølvbetjeninga også for sesongen 2016 har fungert og inntektene har vore stabile. I det store og heile har dei som har forsynt seg med fiskekort betalt på nettbank i etterkant – for detaljer sjå rekneskapet. For sesongen 2017 er det oppretta Vipps konto for betaling av fiskekort og båtutleige – Vippsnr 79229 og det bli bli gitt ut brei info om dette samt oppslag ved kortkassane
- **Stiprosjekt.** ØNU fekk nok ein gang midlar frå LV området (bestillingsdialogen) for å kunne arbeide vidare med kloppestien frå østre enden av Vonavatnet og innover det myrlendte området mot Nesstølen. Planken som også var finansiert via bestillingsdialogen blei flydd inn frå Steinbakken tidlege i juni og kort tid etter lagt ut av eit arbeidslag leia av Arne Dvergsdal frå Utmarkslaget. Det blei samtidig flydd inn ein palle med plank til området rundt Svostølsvatnet og lagt ut der i myrområda på stien mot Gjengdalsskaret. Laget gikk med noko overskot på dette prosjektet. Det er mange som har gått kloppestiane som har uttrykt tilfredsheit med prosjektet som Utmarkslaget har tatt del i.

- **Vidareføring av betalingsparkering ved parkeringsplassen ved Vonavatnet.** Ordning som ved fiskekort og båtleige med innbetaling over nettbank. Priser: kr. 20,- pr døgn, kr 100 pr. veke, kr 200,- pr. år. Parkerande har stort sett vore lojale mot ordninga og betalt avgifta. Det har vore eit visst tilsyn med ordninga – bl.a. ved å legge ut betalingslapp på bilar der ikkje parkeringslapp er synleg i bilruta, men det blir ikkje skrivne ut gebyr. Inntektene frå parkinga har vore stabile. For sesongen 2017 er det oppretta Vipps konto for betaling av parkering – Vippsnr 79225 og det bli bli gitt ut brei info om dette samt oppslag på parkeringsplassen.
- **Utfisking i Vonavatnet.** Utfiskingsprosjektet fortsette og blei avslutta i løpet av hausten 2016. Prosjektet går no inn i vanleg driftsfase/haustingsfase, sjå under
Den siste sesongen i utfiskingsprosjektet var der aktiv fisking både av Ingebrigt Tveite som har vore innleigd av Utmarkslaget (60 garn pr.døgn i fleire perioder) og andre bl.a. Ola og Britt Kringlen. Harald Sægrov gjorde nytt prøvefiske seinsommars og konkluderte med at utfiskinga hadde vore sær effektiv og at kondisjonen på fisken i vatnet var i god betring. I konklusjonen i rapporten (presentert på ope møte 03.02.17 – Dalen Næringscenter) skriv han:

Oppsummering og tilrådingar

Svært godt resultat av utfiskinga!

Fiskebestanden redusert med over 60 % (men nye årsklassar er komne til).

Allereie betre kvalitet og større fisk (største aure 1,3 kg ved prøvefisket i 2016).

Høg andel fiskeetatar – klassifiserer til storaurebestand (30 % av aure > 25 cm).

Mesteparten av fisken held seg no grunt og nær land (litoralsona).

Smårøya nær land, aktiv, lettare å fange for auren.

Resultata er i tråd med målsetting og forventingar.

Forventar dobling i mengde fisk i 2017 og meir stor aure (250-300 gram enn før).

500 aurar over 200 gram i august 2016, men berre 120 røye over 100 gram.

Ustabil situasjon – kan endre seg mykje i fleire retningar.

Haustingsfase frå 2017?

I 2017 startar ein haustingfase med garn, oter og stang (ingen restriksjonar?).

Føreslår 29 mm (22 omfar) som største maskevidde i første omgang.

Kan med fordel sette ut att uskadd aure over 1 kg, desse lever lenge, gode hjelparar.

Nytt prøvefiske i 2017?

Vurdering av utfisking hasuten 2017 etter prøvefisket?

Stor lokal kompetanse oppnådd gjennom utfiskingsprosjektet.

Driftsfasen/haustingsfasen framover

Det nye styret må saman med Ola Kringlen (som fortset som driftsleiar/haustingsleiar) må

lage ein plan for sesongen 2017. Det vil nok komme nokon dugnadsoppgåver for

medlemene i Utmarkslaget men det er plan også å engasjere fleire bl.a. hytteeigarar.

Ungdomsgruppa til Naustdal jeger og fisk har også meldt si interesse.

Storrusa

Styret har valgt å legge storrusa ut for salg. Storrusa hadde sin klare funksjon den første tida ho blei brukt og gjorde då eit viktig innhogg i fiskebestanden, men dei siste året har fangstane i rusa avtatt monaleg. I kultiveringa av vatnet framover er dei faglege tilrådingane no fiske med småmauska garn enkeltvis sett rett ut frå land.

Rusa har no vore ute på Finn i fleire mndr. Ein del interesserte frå heile sør-Norge har meldt interesse men ingen avtale om salg enno. Kostnadane med rusa heilt ny var omkring kr

85000,- inkl transport og opplæring. Vi har hatt konsulenthjelp ifht salgspris for rusa no og i siste Finn annonse er den sett til kr 30000,- men det er muleg ein må gå enno lågare for å få den solgt.

- **Trekning av reinsdyrløyver og jakta 2016.**

Naustdal fekk tildelt 2 ungbukker på reinsdyrkvoten i år. Vi hadde 8 søkarar til desse. Dei som har fått tildelt løyve eit av dei siste 2 år får ikkje vere med i trekninga. Dei som blei trekt ut i år var Inge Svorstøl og Atle Fimland og begge dyra blei felt. Atle Fimland har vore ØNU sin representant i villreinsaker i ei årrekke, har gjort ein utmerka jobb og takkar no av. Styret jobbar med å skaffe erstatting for han.

- **Småviltsituasjonen.**

Det var planlagt å skulle kontakte grunneigarane i ØNU vedr rypetaksering i eit større område enn Nes der Flora jeger og fisk har gjort taksering i ei årrekke – jfr ope møte med Knut Broberg og Rune Olsbø frå Flora jeger og fisk 24.01.16 ved Dalen Næringsssenter. Kapasitetsproblem frå styret gjorde at dette ikkje blei sett igang, men det er planlagt å gjere eit nytt framstøt no i 2017.

- **Hjortebørsen 2016**

Også i 2016 blei «Hjortebørsen» på nettsidene våre oppdatert etter oppgåver vi fekk frå styret i Instedalen Storvald. Tala blei regelmessig oppdatert så lenge det blei skote dyr. Som ein kjenner til har det vore ein reduksjon i avskytinga dei siste åra. Siste oppdatering av børsen var 26.10 – det var då innrapportert 18 dyr av ein kvote på 50 dyr. I 2015 blei det felt 16 dyr og i 2014 - 24 dyr. Viser elles til oppsummering i årsmøtet for Instedalen Storvald.

Deltaking i nemder og utval.

Rådgivande Utval i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde

Svein Svorstøl med vara Janne Lykke Svorstøl har representert ØNU styret/Naustdal kommune.

Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde – Gudmund Eimhjellen og Arne Dvergsdal sit som medlemmer.

Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde – Kjell Klopstad representerer Utmarkslaget med Normund Svoen som vara.

Prosjekt/drift som Utmarkslaget arbeider med i 2016 er:

- Vedlikehald av utfiskingsprosjektet i Vonavatnet – jfr årsmeldinga.
- Skiltmerking av stiar i ØNU sitt område
- Småviltkartlegging i ØNU sitt interesseområde
- Dagleg drift med vedlikehold av parkeringsplassar og opparbeidd friluftsområde ved Svobrua, fiskekort- og parkeringkasser, vedlikehold av båtar, utsetting av redningsbøyer ved Vonavatnet og Nes-sundet, vedlikehold av merka stier, opprigging av utstyr etc om våren og nedrigging om hausten (båtar, bord og benker, garn, kort-/parkeringskasser etc), kommunikasjon med kommune og administrasjonen for LV området, uttale i forbindelse med søknader om motorisert ferdsel, løypekøyning, bygg og anlegg i ØNU sitt interesseområde.

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html> Viser også til Øvre Naustdal Utmarkslag si Facebook gruppe.

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen frå "Vonaportalen" for all hjelp til å legge ut sakene våre.

Florø 15.03.17 For styret i ØNU, Normund Svoen Leiar.